



Einar Gjertsen er i gang med viktig innsamlingsarbeid.

**Mange av lesarane våre hugsar sikkert Einar Gjertsen sin interessante artikkel om dr. Haugen sine bilar. Om det var den som sparka det i gong, veit vi ikkje, men no er Gjertsen i gang med ei stor innsamling av bilete og stoff om bilar i Kvinnherad i perioden frå 1915 til 1965.**

Gjertsen har stor interesse for og god kunnskap om dette kulturhistoriske området. Dei siste 10-15 åra har han mange gonger vorte oppfordra av kultursjef Kristian Bringedal om å samla dette stoffet.

Han starta med arbeidet etter jul, og han har fått inn godt med bilete og anna stoff tilknytta emneområdet. Han har vorte møtt med svært mykje velvilje, og han seier det har vore utruleg interessant å koma i kontakt med personar som kan bidra med stoff. Likevel trur han det framleis er mykje bilestoff og anna i skuffer, skap og i gamle album som vil ha stor verdi i denne innsamlinga. Han er interessert i alt om personbilar, varebilar, bussar og lastebilar i perioden 1915-1965. Gjertsen ber om at alle som har eit bilete eller noko anna stoff tilknytta emnet om å ta kontakt med han. Det kan dei gjera enten på telefon **901 90 948**, eller på epost [enar.gjertsen@gmail.com](mailto:enar.gjertsen@gmail.com). Han understrekar at han leverer tilbake alle bilete og alt anna kjeldemateriale så fort han har fått scanna det.

Kultursjef Kristian O. Bringedal er svært glad for at Gjertsen har sett i gong med dette arbeidet. Han seier at han får jamnlege tilbakemeldingar om framdrifta i arbeidet, og at Gjertsen alt har samla inn mykje stoff av stor kulturhistorisk verdi.

- Det er viktig at dette arbeidet vert gjort no. Med alt slikt innsamlingsarbeid er det lett for å venta til det er litt for seint, seier Bringedal og legg til at Gjertsen har full tilgang til kommunen sitt bilearkiv; - både det digitale og resten.

No vert altså stoffet systematisert og arkivert, men kultursjefen håpar at arbeidet skal enda opp i ei bok om emnet.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Kvinnheringen/Sjur Tjelmeland(1990)